

Prop. 14 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2017 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 24. november 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med framlegg til endringar i statsbudsjettet 2017 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 gjer departementet greie for budsjettstatus når det gjeld fullskala CO₂-handtering. I kapittel 4 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda.

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,8 mill. kroner, til 2,8 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1800, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Utgifter til Oljedirektoratets samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) om rådgiving innanfor petroleumsforvaltning for utviklingsland er anslått å bli 6 mill. kroner lågare enn anslått i gjeldande løyving. Reduksjonen har samanheng med forseinka start av nye program i Kenya, Myanmar og Tanzania.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 6 mill. kroner, til 111 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende reduksjon under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Kap. 1811 Statoil ASA

Post 96 Aksjar

Statoil ASA har innført eit utbytteaksjeprogram som gir aksjeeigarar i Statoil eit val mellom å ta

2 Endringar i statsbudsjettet 2017

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 72

Olje- og energidepartementet betaler årleg 100 000 USD til Massachusetts Institute of Technology (MIT) for deltaking i MITs Joint Program on the Science and Policy of Global Change. Dette er eit forskingsprogram som har eit tverrfagleg perspektiv på korleis løyse globale klimaproblemet. Utiftene er tilskot og er belasta kap. 1800, post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å flytte 0,8 mill. kroner til kap. 1800, post 70. Nytt forslag til løyving under kap. 1800, post 21 er om lag 25,6 mill. kroner.

Kap. 1800, 1810, 1811, 1820, 1825, 1830, 1840, 2490, 4810, 4811, 4820, 4825, 4840, 5440, 5582 og 5685

imot utbytte heilt eller delvis i form av kontantar eller nye aksjar i selskapet til rabattert pris. Ein viser til Prop. 84 S (2015–2016) Deltakelse i utbytteaksjeprogram og kapitalforhøyelse i Statoil ASA, for nærmere informasjon om programmet og Stortingets behandling av denne, jf. Innst. 260 S (2015–2016). Programmet skal vare fram til og med utbetalinga av utbytte for tredje kvartal 2017 som vil skje i 2018. Staten deltar i programmet under føresetnad av at eigardelen skal vere konstant på 67 prosent gjennom heile programmet. Dette skjer ved at staten teiknar seg for det talet aksjar som dei andre aksjonærane har valt i sum. Staten vil motta utbytte frå Statoil i form av kon-

tantar og nye utferda aksjar så lenge programmet varer. Dette inneber at statens kontantutbytte vil bli redusert i perioden då utbytteaksjeprogrammet pågår. Talet aksjar som staten har i Statoil vil auke sjølv om eigardelen blir halden konstant.

Utbytte frå Statoil blir betalt om lag fire månader etter at selskapet annonserer utbyttet i samband med at rekneskapstala for kvartalet blir gjort kjende. Dette inneber at utbyttet frå tredje og fjerde kvartal 2016 og første og andre kvartal 2017 blir betalt i 2017. Staten har motteke utbytte for tredje og fjerde kvartal 2016 og første kvartal 2017.

Tabell 2.1 Fordeling av kontantutbytte og utbytteaksjar til staten

	3. kvartal 2016	4. kvartal 2016	1. kvartal 2017
Kontantutbytte per aksje i USD	0,2201	0,2201	0,2201
Samla utbytte til staten i NOK	3 997 018 220	4 111 051 913	3 852 485 032
Kontantutbytte til staten i NOK	2 018 193 446	2 209 612 960	2 072 112 008
Tal aksjar	14 409 268	13 582 677	12 616 022
Pris per aksje, teikningskurs	137,33	139,99	141,12
Auka aksjekapital, bokført verdi (NOK)	1 978 824 774	1 901 438 953	1 780 373 025

Utbyttet for andre kvartal 2017 er venta innbetalta i midten av desember 2017. For budsjettformål er det lagt til grunn same beløp og fordeling mellom kontantutbytte og utbytteaksjar for andre kvartal 2017 som for første kvartal 2017. Rekneskapsført beløp under denne posten vil avvike frå dette budsjettekniske estimatet og vil vere det same som blir inntektsført under kap. 4811, post 96 Utbytteaksjar.

Det blir foreslått løyvd 7 441 mill. kroner i utbytteaksjar i 2017, ein auke på 1 034 mill. kroner. Ein viser til tilsvarande forslag til løyving under kap. 4811, post 96 Utbytteaksjar.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 22 Flaum- og skredforebygging, kan overførast, kan nyttast under postane 45, 60 og 72

Store nedbørsmengder i slutten av juli førte til store lokale overfløymingar, endringar i elve- og bekkelau og jord- og flaumskred i fire fylke på Sørlandet. NVE har sett i gang krisetiltak for oppreinsking og for å avverje akutt fare for ytterlegare skadar. I Stryn kommune vil det også vere behov for å følje opp med permanente tiltak. NVE vurderer at dette bør gjennomførast som hastetiltak i 2018. Det er usikkerheit knytt til dei estimerte kostnadene for hastetiltak då planlegginga er i ein tidleg fase.

I september og oktober førte store nedbørsmengder også til store lokale overfløymingar, endringar i elve- og bekkelau og jord- og flaumskred i fire fylke på Sørlandet. NVE har sett i gang krisetiltak for oppreinsking og for å avverje akutt fare for ytterlegare skadar. NVE har også sett i gang arbeid med kommunane for å undersøke og finne fram til aktuelle tiltak. NVE må bruke nokon meir tid på å få oversikt over behov for hastetiltak og meir permanente sikringstiltak på Sørlandet. Behovet i 2017 til førebelse tiltak og utgreiingar av tiltak på Sørlandet er anslått til 15 mill. kroner.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 25 mill. kroner, til om lag 318 mill. kroner i 2017.

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemde, kan overførast

Utgifter til internasjonale rådgivingsoppdrag, mellom anna med Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) om bistand innan vassdrags- og energisektoren, blir anslått å bli 10 mill. kroner lågare enn gjeldande løying. Reduksjonen har samanheng med forseinka start i nye program i Tanzania, Mosambik, Georgia og Ukraina.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyinga med 10 mill. kroner, til 80 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende reduksjon under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Kap. 1825 Energiomlegging, energi- og klimateknologi

Post 50 Overføring til Energifondet

Inntekter frå påslaget på nettariffen til Energifondet er nå anslått til 660 mill. kroner i 2017, ein auke på 30 mill. kroner frå gjeldande løying. Overføringane til Energifondet blir auka tilsvarende.

Avkastinga av fondskapitalen i Fond for klima, fornybar energi og energiomlegging vart på om lag 1 866 mill. kroner i 2016, som er om lag 5 mill. kroner meir enn gjeldande løying på kap. 4825, post 85.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyinga med totalt 35 mill. kroner, til 2 621 mill. kroner. Ein visar til tilsvarende samla auke under kap. 4825, post 85 Fondsavkasting og kap. 5582, post 72 Påslag på nettariffen til Energifondet.

Kap. 1830 Forsking og næringsutvikling

Post 70 Internasjonale samarbeids- og utviklingstiltak, kan overførast

Olje- og energidepartementet har utbetalt tilskot til Nordisk energiforskning og EUs rammeprogram for konkurranseevne og innovasjon (CIP).

Ovannemnte inneber at løyinga for 2017 kan reduserast med 3,3 mill. kroner, til 14 mill. kroner.

Kap. 1840 CO₂-handtering

Post 71 Tilskot til Teknologisenter for CO₂-fangst på Mongstad

Ny avtaleperiode for Teknologisenter for CO₂-fangst på Mongstad vart starta opp 18. august 2017. Drifta av teknologisenteret vart samtidig overført til eit nytt selskap TCM Operations DA, som skal stå for drifta av testanlegga, der statens eigardel er 77,5 prosent. Samtidig vart anlegga overdratt til TCM Asset AS, eit datterselskap av Gassnova SF, som står som eigar av anlegga ved teknologisenteret og betaler kommunal eige-domsskatt.

Reduksjonen under posten skuldast reduserte låneneutgifter (avdrag og renter), jf. reduksjon under kap. 4840. Vidare er det i 2017 gjennomført ei avrekning og tilbakeføring av for mykje betalte driftsutgifter for tidlegare periodar. Meirverdiavgifta er redusert som følge av endra organisering i ny avtaleperiode (ikkje meirverdiavgift knytt til eigedomsskatt).

Avviklingsrekneskapen for TCM DA 2009 er ikkje ferdigstilt, og det er såleis noko uvisse knytt til endeleg sluttoppgjer. Oppgjeren vil skje i to omgangar. Foreløpig anslag viser at staten har til gode om lag 18 mill. kroner som omfattar avrekning av driftsutgifter og renter for heile utbyggings- og driftsperioden som vil bli tilbakeført i 2017 som eit a konto-beløp. Endeleg oppgjær inkludert avrekning for 2017 vil skje når rekneskapen er avslutta og revidert mot slutten av året. Vidare vil TCM DA 2009 tilbakeføre ubrukte investeringsmidlar som vil bli overførte til TCM Operation DA for å dekke modifikasjonar ved TCM som vil bli gjennomførte i 2017 av det nye selskapet.

Nytt samla anslag for 2017 viser ein reduksjon på 93 mill. kroner frå gjeldande løying, til 524 mill. kroner.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 2.2 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2017 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande løyving 2017 ¹	Forslag til ny løyving for 2017	Endring
Kap. 2440 30	Investeringar	27 000	27 000	-
Sum kap. 2440		27 000	27 000	-
Kap. 5440 24.1	Driftsinntekter	139 800	141 700	1 900
24.2	Driftsutgifter	-26 800	- 26 300	500
24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-1 500	- 1 300	200
24.4	Avskrivingar	-23 500	-23 500	-
24.5	Renter av statens kapital	-3 700	-3 700	-
24	Driftsresultat	84 300	86 900	2 600
30	Avskrivingar	23 500	23 500	-
80	Renter av statens kapital	3 700	3 700	-
Sum kap. 5440		111 500	114 100	2 600

Kontantstraum til SDØE:

Innbetalingar ²	139 800	141 700	1 900
Utbetalingar ³	55 300	54 600	-700
Netto kontantstraum fra SDØE	84 500	87 100	2 600

¹ Gjeldande løyving for 2017 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 14. desember 2016 og seinare endringar i 2017 (revidert budsjett), jf. Prop. 129 S (2016–2017) og Innst. 401 S (2016–2017)

² Innbetalingar = driftsinntekter

³ Utbetalingar = investeringar + driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader

Anslaget under kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 1 900 mill. kroner, til 141 700 mill. kroner. Auken er knytt til auka anslag for gassproduksjon og høgare prisføresetnad for gass. Dette blir motverka av lågare prisføresetnad for olje. Overslaget baserer seg på ein oljepris for 2017 på 429 kroner per fat samanlikna med 444 kroner per fat i revidert budsjett 2017.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er redusert med 500 mill. kroner, til 26 300 mill. kroner, som følgje av reduserte kostnader knytte til å drive felta i porteføljen.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingskostnader er redusert med 200 mill. kroner, til 1 300 mill. kroner, som følgje av endra leiteplanar.

Endringar i underpostar omtala ovanfor fører til at det berekna driftsresultatet for SDØE er auka med 2 600 mill. kroner, frå 84 300 mill. kroner til 86 900 mill. kroner.

Overslaget for netto kontantstraum fra SDØE er auka frå 84 500 mill. kroner til 87 100 mill. kroner, ein auke på 2 600 mill. kroner frå gjeldande løyving 2017.

Kap. 2490 NVE Anlegg*Post 24 Driftsresultat*

Tabell 2.3 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2017 under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490	24.1 Driftsinntekter	-80 000	-115 000	-35 000
	24.2 Driftsutgifter	75 200	110 300	35 100
	24.3 Avskrivningar	4 500	4 500	-
	24.4 Renter av statens kapital	300	200	-100
	24.5 Investeringsformål	0	0	-
	24.6 Reguleringsfond	-13 000	-13 000	-
	24 Driftsresultat	-13 000	-13 000	0

Anslaget for driftsinntekter er auka med 35 mill. kroner, til 115 mill. kroner i 2017. Auken skuldast høgare omsetning som følge av auka oppdragsmengde, i hovudsak i regionene Vest og Midt.

Anslaget for driftsutgifter er auka med 35,1 mill. kroner, til 110,3 mill. kroner. Auken heng saman med den auka aktiviteten i regionane Vest og Midt.

Inntektsanslaget for renter er redusert som følge av lågare rentesats og at NVE ikkje belastar renter på ein del leigde anleggsmaskiner.

Ovannemnde endringar medfører inga endring i NVE Anlegg sitt driftsresultat.

Det blir foreslått løvd 7 441 mill. kroner i utbytteaksjar i 2017, ein auke på 1 034 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende løyving under kap. 1811, post 96 Aksjar.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, til om lag 80 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1820, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksamd.

Post 40 Flaum- og skredførebygging

Inntekter frå kommunar for sikrings- og miljøtiltak som er gjennomførte i regi av NVE er berekna til 30 mill. kroner i 2017, ein auke på 11 mill. kroner. Auken skuldast blant anna auka løyving i samband med regjeringas sysselsettjingspakke og forseinka ferdigstilling og innbetalingar frå anlegg som vart starta i tidlegare år.

Kap. 4810 Oljedirektoratet*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 6 mill. kroner, til om lag 111 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1810, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksamd.

Kap. 4811 Statoil ASA*Post 96 Utbytteaksjar*

Den delen av utbytte som blir nytta til å utferde nye aksjar for staten er foreslått inntektsført under denne posten og utgiftsført under kap. 1811, post 96 Aksjar. For budsjettformål er lagt til grunn same beløp og fordeling mellom kontantutbytte og utbytteaksjar for andre kvartal 2017 som for første kvartal 2017.

Kap. 4825 Energiomlegging, energi- og klimateknologi*Post 85 Fondsavkasting*

Avkastninga av den samla fondskapitalen i Fond for klima, fornybar energi og energiomlegging vart på om lag om lag 5 mill. kroner høgare enn tidlegare føresett.

På denne bakgrunnen er det foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner, til 1 866 mill. kroner. Auken er motsvara av ein tilsvarende auke under kap. 1825, post 50 Overføring til Energifondet.

Kap. 4840 CO₂-handtering

Post 80 Renter, TCM DA

Utlån til TCM DA er nedbetalt. TCM DA har betalt 0,6 mill. kroner i renter til staten i 2017. På denne bakgrunnen er det foreslått å redusere løyvinga med 3,4 mill. kroner, til 0,6 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1840, post 71 Tilskot til Teknologisenter for CO₂-fangst på Mongstad.

Post 86 Avdrag, TCM DA

Utlån til TCM DA er nedbetalt. TCM DA har betalt 303,6 mill. kroner i avdrag til staten i 2017. På denne bakgrunnen er det foreslått å redusere løyvinga med 26,4 mill. kroner, til 303,6 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1840, post 71 Tilskot til Teknologisenter for CO₂-fangst på Mongstad.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet

Post 72 Påslag på nettariffen til Energifondet

Inntekter frå påslaget på nettariffen til Energifondet er berekna til 660 mill. kroner i 2017, ein auke på 30 mill. kroner frå gjeldande løyving. Auken er motsvara av ein tilsvarende auke under kap. 1825, post 50 Overføring til Energifondet.

Kap. 5685 Aksjar i Statoil ASA

Post 85 Utbytte

Den delen av utbyttet som blir utbetalte i kontantar blir budsjettert og rekneskapsført i norske kroner under denne posten. For budsjettformål er det lagt til grunn eit kontantutbytte for andre kvartal 2017 tilsvarende utbetalingsa for første kvartal 2017.

Det blir foreslått løvd 8 372 mill. kroner i utbalt kontantutbytte i 2017, ein reduksjon på 696 mill. kroner. Ein viser til nærmare omtale under kap. 1811, post 96 Aksjar.

3 Fullskala CO₂-handtering

Gassnova har inngått kontraktar om konseptstudiar og forprosjektering av CO₂-fangst og -lagring. Tre industriaktørar, Norcem, Yara og Fortum Oslo varme har levert sine konseptstudiar. Vidare har Gassco fått gjennomført konseptstudiar av skipstransport av CO₂. Gassnova og Gassco gjer no sine vurderingar av arbeida. Statoil gjennomfører konseptstudiar av CO₂-lager saman med Total og Shell. Konseptstudiane av CO₂-lager blir etter planen ferdigstilte sommaren 2018. Selskapa, Gassnova og Olje- og energidepartementet arbeider også med nyttesida av prosjektet.

Som varsle i Prop. 1 S (2017-2018) vil regjeringa komme tilbake til Stortinget med eit heilskapleg fremlegg om arbeidet med fullskala CO₂-handtering i Noreg etter at resultata frå konseptstudiane for fangst er gjennomgått og kvalitetsikra, seinast i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2018.

Utgiftene til lagerdelen av prosjektet har blitt lågare enn tidlegare budsjettet for 2017 og utbetalingerne er forskyvde i forhold til tidlegare planar. Det er òg noko lågare utgifter til konseptstudiar av skipstransport enn tidlegare budsjettet. Utgiftene til fangstdelen vil også i noko grad forslyvast frå 2017 til 2018 i forhold til tidlegare føresetnader. Gassnova er i dialog med selskapa om noko supplerande arbeid som underlag for det heilskaplege fremlegget som er varsle til Stortinget. Regjeringa vil her gi en vurdering av industriaktørane bidrag og insentiv til kostnadsreduksjoner, statens samla kostnader og risiko samt potensialet for kostnadsreduksjonar og teknologispreiing til prosjekt internasjonalt.

Det er anslått at utbetalingsbehovet i 2017 vil bli betydeleg lågare enn tidlegare budsjettet. Det er anslått eit mindreforbruk på i storleiksordenen 110 til 170 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving. Det er understreka at anslaga er usikre. Usikkerheita skyldas mellom anna uavklart spørsmål om meirverdiavgift. Med bakgrunn i uvisse omkring betaling av meirverdiavgift og arbeidet med å etablere grunnlaget for det heilskaplege framlegget for Stortinget, er det lagt opp til å overføre heile mindreforbruket i 2017 til 2018. Overføringa av mindreforbruket i 2017 vil dekke inngåtte forpliktingar, eventuell meirverdiavgift og arbeid som pågår fram til det heilskaplege fremlegget er behandla av Stortinget.

4 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytte til petroleumsverksemda.

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av desse fullmaktene sidan førre rapportering.

4.1 Fullmakt XII – Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Fullmakt til forenkla behandling frå styresmakten si side har blitt nytta ved åtte høve:

Utgard

Departementet mottok 28. juli 2016 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Utgard. Utgard er eit gass-kondensatfelt på grensa mellom norsk og britisk sektor i Nordsjøen, om lag 20 km vest for feltsenteret på Sleipner. Utbyggingsløysinga er ei havbotnramme, på norsk side av grensa, med 2 brønnar knytt til Sleipner T-plattforma for prosessering og vidare eksport via Kårstø-terminalen. Venta produksjonsstart er 4. kvartal 2019. Rettshavarar er Statoil Petroleum AS (38,4 prosent), Statoil (U.K.) Limited (38 prosent), Lotos Exploration and Production Norge AS (17,4 prosent) og KUFPEC Norway AS (6,2 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 3,2 mrd. 2016-kroner.

PUD for Utgard vart godkjent av Olje- og energidepartementet 17. januar 2017.

Byrding

Departementet mottok 19. august 2016 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Byrding. Utbyggingsløysinga er ein lang to-greinsbrønn frå ein av dei tre ledige slissane i Fram H-Nord brønnramma. Brønnstraumen vil gå via infrastruktur på Framfeltet til Troll C for delvis prosessering. Oljen og gassen vil vidare bli transportert til høvesvis Mongstad og Kollsnes. Planen omfattar ein av dei tre segmenta i Byrding-reservoaret. Produksjonen frå Byrding starta 15. juli 2017. Rettshavarar er Statoil Petroleum AS (70 prosent), Engie E&P Norge AS (15 prosent) og Idemitsu Petroleum Norge AS (15 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 1 mrd. 2016-kroner.

PUD for Byrding vart godkjent av Olje- og energidepartementet 17. januar 2017.

Dvalin

Departementet mottok 3. oktober 2016 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Dvalin. Utbyggingskonseptet er ei havbotnramme med fire gassprodusentar kopla til Heidrun-plattforma. På Heidrun-plattforma blir det installert ein ny gassmodul for å prosessere brønnstraumen frå Dvalin. Frå Heidrun vil gass bli eksportert gjennom eit nytt røyr kopla til Polarled. Venta produksjonsstart er mot slutten av 2020. Rettshavarar er DEA Norge AS (55 prosent), Petoro AS (35 prosent) og Edison Norge AS (10 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til 10,3 mrd. 2016-kroner.

PUD for Dvalin vart godkjent av Olje- og energidepartementet 21. mars 2017.

Trestakk

Departementet mottok 1. november 2016 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Trestakk. Den valte utbyggingsløysinga er ei undervassutbygging kopla til Åsgard A-plattforma. Det er ledig kapasitet i prosessanlegget på Åsgard A og derfor berre behov for mindre modifikasjoner. Frå Åsgard-feltet vil olje bli transportert til marknaden med tankskip, mens gass blir transportert via Åsgard Transport til prosessanlegget på Kårstø og vidare til kontinentet. Venta produksjonsstart er i begynninga av 2019.

Rettshavarar er Statoil Petroleum AS (59,1 prosent), ExxonMobil Exploration and Production Norway AS (33 prosent) og Eni Norge AS (7,9 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til om lag 5,5 mrd. 2016-kroner.

PUD for Trestakk vart godkjent av Olje- og energidepartementet 30. mars 2017.

Oda

Departementet mottok 30. november 2016 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Oda. Utbyggingskonseptet er ei havbotnramme med tre brønnar kopla til Ula-plattforma. Frå Ula vil oljen bli eksportert via Ekofisk til Tees-side-terminalen i Storbritannia. Venta produksjonsstart er i august 2019. Rettshavarar er Centrica

Resources Norge AS (40 prosent), Suncor Energy Norge AS (30 prosent), Faroe Petroleum Norge AS (15 prosent) og Aker BP ASA (15 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til om lag 5,4 mrd. 2016-kroner.

PUD for Oda vart godkjent av Olje- og energidepartementet 12. mai 2017.

Njord future

Departementet mottok 27. mars 2017 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) av Njord. Rettshavarane har gjennom Njord Future-prosjektet bestemt å oppgradere produksjonsinnrettingane Njord A og Njord Bravo for å sikre ei langsigktig løysing for optimal ressursutnytting i heile Njord-området. Oppgraderinga vil gjere at den sørlege delen av Haltenbanken-området får eit feltsenter som kan levere tenester til andre funn i nærområdet i lang tid framover. Produksjonen frå Njord er venta å starte igjen i 2020. Rettshavarar er Statoil Petroleum AS (20 prosent), DEA Norge AS (50 prosent), Engie E&P Norge AS (20 prosent), Faroe Petroleum Norge AS (7,5 prosent) og VNG Norge AS (2,5 prosent).

Dei totale investeringane er i endra PUD anslått til om lag 15,1 mrd. 2017-kroner.

Endra PUD for Njord vart godkjent av Olje- og energidepartementet 20. juni 2017.

Bauge

Departementet mottok 27. mars 2017 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Bauge. Den valte utbyggingsløysinga er ei undervassutbygging kopla til Njord A-plattforma. Brønnstraumen vil bli prosessert på Njord A. Produsert olje blir sendt i røyrleidning til Njord B og vidare med tankskip til marknaden. Gass frå feltet blir sendt gjennom eksisterande røyrleidning til Åsgard Transport System og derfrå vidare til Kårstø og marknaden. Venta produksjonsstart er i 2020. Rettshavarar er Statoil Petroleum AS (35 prosent), DEA Norge AS (27,5 prosent), Point Resources AS (17,5 prosent), Engie E&P Norge AS (10 prosent), Faroe Petroleum Norge AS (7,5 prosent) og VNG Norge AS (2,5 prosent).

Dei totale investeringane er i PUD anslått til om lag 4,1 mrd. 2017-kroner.

PUD for Bauge vart godkjent av Olje- og energidepartementet 20. juni 2017.

Ekofisk 2/4 VC

Departementet mottok 28. juni 2017 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) av Ekofisk 2/4 VC. Utbyggingskonseptet er ei havbotnramme med fire brønnar for vatninjeksjon. Prosjektet er ei utviding av eksisterande vatninjeksjon på Ekofisk og representerer ei vidareføring av ein godt etablert produksjonsstrategi i Ekofisk-området. Rettshavarar er ConocoPhillips (35,112 prosent), Total E&P Norge AS (39,896 prosent), Eni Norge AS (12,388 prosent), Statoil Petroleum AS (7,604 prosent) og Petoro AS (5 prosent).

Dei totale investeringane er i endra PUD anslått til i 2,3 mrd. 2017-kroner.

PUD for Ekofisk 2/4 VC vart godkjent av Olje- og energidepartementet 7. september 2017.

4.2 Fullmakt XIII – Overføring av delar i utvinningssløyve

Olje- og energidepartementet orienterte i Prop. 32 S (2016–2017) om statleg deltaking i gassfeltet Dvalin i Norskehavet. Petoro AS, på vegne av staten ved SDØE, hadde inngått avtale om å overta OMVs del på 20 prosent i Dvalin. Vidare at staten også ville overta ein del på 10 prosent i løyvet frå Maersk etter at Maersk hadde trådd ut av løyvet.

Vidare vart det vist til at det gjekk føre seg prosesser i interessentskapet med sikte på endeleg å avklare eigarsamansetjinga i Dvalin i løpet av 2016. Det vart lagt til grunn at ein eventuell ytterlegare auke i deltakardel for SDØE ville skje innanfor rammene som følgjer av departementet sine fullmakter.

Petoro har på vegner av staten ved SDØE inngått avtale med Edison Norge AS om å overta ein eierdel på 5 prosent i Dvalin. Olje- og energidepartementet godkjente 21. desember avtalen i medhald av fullmakt XIII i Prop. 1 S (2016–2017). Same dagen godkjente departementet, som føresett i Prop. 32 S (2016–2017), dei to andre transaksjonane nemnde ovanfor.

4.3 Fullmakt XV – Overføring av delar i røyrleidningar mv.

Landanlegg på Nyhamna har sidan oppstarten i 2007 behandla gass frå Ormen Lange-feltet. Anlegget har i perioden 2013 til 2017 blitt utvida og modifisert slik at det skal kunne ta imot gass frå andre felt, i første omgang Aasta Hansteen, og for auka gassuttak frå Ormen Lange. I juni 2017 inngjekk involverte rettshavarar avtale om å overdra sine respektive deltakarinteresser i det opp-

havlege anlegget på Nyhamna og i dei nye investeringane til eit nytt interessentskap som skal eige og drive gassbehandlingsanlegget. Den eigarvise utskiljinga av landanlegget frå interessentskapet for Ormen Lange i samband med tredjeparts bruk av anlegget er i tråd med vilkår stilte frå OED som ressursforvaltningsmyndigkeit.

Olje- og energidepartementet godkjente 26. juni 2017 transaksjonane frå deltakarane i høvesvis «Ormen Lange Unit» og «Polarled Joint Venture» til nytt interessentskap på Nyhamna. Statens deltakerandel i Nyhamna-interessentskapet er etter transaksjonen 26,138 prosent.

4.4 Fullmakt XXXXII – Godkjenne nødvendige transaksjonar for restrukturering av statens eigarskap i Gassled

Eigarane av Norsea Gas AS inngjekk i mars 2017 avtale om kjøp av Norsea Gas AS sine delar i Gassled JV, Zeepipe Terminal JV og Dunkerque Terminal DA. Avtalen inneber at kjøpesummen

blir tilbakeført eigarane gjennom utbytte frå Norsea Gas når overtakinga er gjennomført og at selskapet deretter blir avvikla. Formålet med avtalen var å forenkle eigarstrukturen i dei nemnde interessentskapene ved avvikling av den indirekte eigarskapen i Gassled gjennom Norsea Gas AS. Staten ved SDØE hadde ein eigardel på 40,006 prosent i Norsea Gas AS.

Olje- og energidepartementet godkjente 26. juni 2017 transaksjonen som medførte at statens deltakardelar i Gassled, Zeepipe Terminal JV og Dunkerque Terminal DA, haldne gjennom aksjar forvalta av Petoro AS i Norsea Gas AS, vart overførte til staten (SDØE) etterfølgt av ei avvikling av Norsea Gas AS, jf. Prop. 129 S (2016–2017) og Innst. 401 S (2016–2017). Transaksjonen medførte auka direkte statleg eigardel i Gassled, Zeepipe Terminal og i Dunkerque Terminal, men påverka ikkje statens verdiar. Generalforsamlinga i Norsea Gas AS bestemte 27. september 2017 å avvikle selskapet.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2017 under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under
Olje- og energidepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2017 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
21		Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72,</i> blir sett ned med	800 000
		frå kr 26 427 000 til kr 25 627 000	
70		Tilskot til internasjonale organisasjonar mv., blir auka med.....	800 000
		frå kr 2 000 000 til kr 2 800 000	
1810		Oljedirektoratet	
23		Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast,</i> blir sett ned med	6 000 000
		frå kr 117 000 000 til kr 111 000 000	
1811		Statoil ASA	
96		Aksjar, blir auka med	1 034 000 000
		frå kr 6 407 000 000 til kr 7 441 000 000	
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
22		Flaum- og skredførebygging, <i>kan overførast,</i> <i>kan nyttast under postane 45, 60 og 72,</i> blir auka med	25 000 000
		frå kr 292 892 000 til kr 317 892 000	
23		Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast,</i> blir sett ned med	10 000 000
		frå kr 90 000 000 til kr 80 000 000	
1825		Energiomlegging, energi- og klimateknologi	
50		Overføring til Energifondet, blir auka med.....	35 000 000
		frå kr 2 586 000 000 til kr 2 621 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
1830		Forsking og næringsutvikling	
	70	Internasjonale samarbeids- og utviklingstiltak, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med	3 300 000
		frå kr 17 300 000 til kr 14 000 000	
1840		CO ₂ -handtering	
	71	Tilskot til Teknologisenter for CO ₂ -fangst på Mongstad, blir sett ned med.....	93 000 000
		frå kr 617 000 000 til kr 524 000 000	
2490		NVE Anlegg	
	24	Driftsresultat	0
		1 Driftsinntekter.....	-115 000 000
		2 Driftsutgifter.....	110 300 000
		3 Avskrivingar	4 500 000
		4 Renter av statens kapital	200 000
		6 Reguleringsfond	-13 000 000
			<hr/>
			-13 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4810		Oljedirektoratet	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir sett ned med.....	6 000 000
		frå kr 116 625 000 til kr 110 625 000	
4811		Statoil ASA	
	96	Utbytteaksjar, blir auka med.....	1 034 000 000
		frå kr 6 407 000 000 til kr 7 441 000 000	
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir sett ned med.....	10 000 000
		frå kr 89 733 000 til kr 79 733 000	
	40	Flaum- og skredførebygging, blir auka med.....	11 000 000
		frå kr 19 000 000 til kr 30 000 000	
4825		Energiomlegging, energi- og klimateknologi	
	85	Fondsavkasting, blir auka med.....	5 000 000
		frå kr 1 861 000 000 til kr 1 866 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
4840		CO ₂ -handtering	
80		Renter, TCM DA, blir sett ned med frå kr 4 000 000 til kr 600 000	3 400 000
86		Avdrag, TCM DA, blir sett ned med frå kr 330 000 000 til kr 303 600 000	26 400 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
24		Driftsresultat, blir auka med..... frå kr 84 300 000 000 til kr 86 900 000 000	2 600 000 000
		1 Driftsinntekter	141 700 000 000
		2 Driftsutgifter.....	-26 300 000 000
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter.....	-1 300 000 000
		4 Avskrivningar	-23 500 000 000
		5 Renter av statens kapital	-3 700 000 000
			<hr/>
			86 900 000 000
5582		Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet	
72		Påslag på nettariffen til Energifondet, blir auka med	30 000 000
		frå kr 630 000 000 til kr 660 000 000	
5685		Aksjar i Statoil ASA	
85		Utbytte, blir sett ned med	696 000 000
		frå kr 9 068 000 000 til kr 8 372 000 000	



07 Xpress AS